

ENERGIDEPARTEMENTET  
v/NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

## **Klage på NVE sin tillatelse til Statnett for bygging av nytt 420 kV fjordspenn**


Eg viser til brev frå NVE dat. 09.08.2024.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har gjeve Statnett konsesjon for bygging av nytt 420kV fjordspenn over Sognefjorden. motteke konsesjonssøknad og søknad om ekspropriasjonsløyve for ei en

Statnett SF søker i henhold til energiloven § 3-1 om konsesjon for bygging og drift av følgende elektriske anlegg:


- Kryssing av Sognefjorden ca. 250m sør for tidligere konsesjonsgitt fjordspenntrasé på østsiden av fjorden og ca. 800m sør på vestsiden.
- Midlertidige bruk av riggarealene B18 og B19 på henholdsvis 2,2 daa og 4,5 daa langs eksisterende skogsbilveg sør for Indre Borlaug
- Nytt, permanent riggareal B61 på ca. 9 daa ved fjordspennmastene på Jarvehaugen på vestsiden av fjorden.
- Rettighet til midlertidig bruk av et areal på ca. 35 daa rundt dette.
- Riving av ca. 1,7 km av 300 kV ledningen Hove – Sogndal fra samlemast ved Ramnaberget og vestover til siste mast før vinkelpunktet sør for Storigilet.
- Nye, permanente riggarealer B19B, og B19E, og B19 F til og med B19H på østsiden av fjorden

Ny trasé for fjordspenn er vist i figur 1.



Figur 1. Ny omsøkt trasé i lilla, konsesjonsgitt trasé i rødt, ledning som skal rives er vist med stiplet linje.

Detaljkart vest for sognefjorden, april 2024



Kart som viser riggplassar og baseplassar.

**Som grunneigar i området Indre Borlaug klagar eg på den delen av tiltaket som omhandlar plassering av midlertidige og permanente riggplassar til bruk av helikopter til transport i under og etter anleggsperioden.**

NVE har i sin tildeling av konsesjon til Statnett ikkje teke omsyn til grunneigarane i området sine innspel i høyringsprosessen jf. mellom anna mitt brev til NVE dat. 03.07.2024.

Eg gjentek på nytt at tiltaket ved utstrakt bruk av helikopter vil ha svært negativ verknad for husdyr i heile beiteområdet, men sjølvsagt størst negativ verknad med helikopterflyging rundt og ved permanente riggplassar B18B, B19B og baseplass B18D sør for Indre Borlaug og i Tjørnahaugane ved permanent baseplass B60 og midlertidig baseplass B61.

Eg gjentek også på nytt at kommunal veg som går frå fylkesvegen v/Sagi og fram til bebyggelse på Indre Borlaug har lågt akseltrykk. I teleløysinga mars/april/mai kan ikkje vegen nyttast til tung transport.

Tiltaket vil også i stor grad gå utover ein betydeleg hjortestamme som held til i området. Statnett har gått vekk frå bygging av veg til anleggsområdet i Tjørnahaugane ved ved B60 og B61 jf. kommentar i tilleggssøknad dat. 02.01.2024 «Adkomstvei på vestsiden: For å lette transporten og bedre evakueringsmulighetene i dårlig vær under bygging av fjordspennet og alternativ 1 på vestsiden av fjorden har Statnett også vurdert muligheten for å bygge adkomstvei fra Indre Borlaug opp til Jarvehaugen, vist i figur 5. På bakgrunn av vurderinger av omfang, konsekvens, kostnader, HMS og meget utfordrende terreng har veibygging for adkomst til Jarvehaugen i anleggsperioden blitt forkastet».

Konsekvensen av dette vil vere bruk av helikopter i heile anleggsperioden og bruk av helikopter frå permanente baseplassar som vedkjem drift- og vedlikehald også etter at anleggsperioden er over i 2028 og i heile konsesjonens varigheit som gjeld inntil 09.06.2050.

I detaljplan dat. april 2024, kap. 4 pkt. 4.2 oppdatert kunnskapsgrunnlag har Statnett ytra fylgjande kommentar: «Konsekvensen for landbruk er vurdert å være ubetydelig.»

NVH har ved sin godkjenning av konsesjon til Statnett ikkje lagt til grunn at heile området som vert råka av anleggsarbeidet på Indre Borlaug vert nytta til beite for husdyr og storvilt. Statnett sin gjennomføring av dette tiltaket legg ikkje til grunn at konsekvensen for landbruk i området må vurderast til å være betydeleg og sårbar.

Detaljplanen som vedkjem området på Indre Borlaug vurderer heller ikkje i det heile omfanget til bruken helikopter i anleggs-/drift- og vedlikehaldsperioden fram til 2050.

Støyproblematikk i området ved bruk av helikopter til drift av rigg- og baseplassar i området er heller ikkje synleggjort. I tilleggssøknad dat. 02.01.2024 jf. pkt. 1.7 Støy viser Statnett til konsesjonsgitt løysing som er generell.

**Konklusjon, eg gjentek på nytt jf. mitt brev til NVE dat. 03.07.2024:**

På heile området til Indre Borlaug må Statnett bu seg på å finne andre løysingar som i langt større grad ivaretek bebruarane og beitebruk til husdyr og storvilt med omsyn til støy frå planlagt bruk av helikopter.

Permanente riggplassar B18B, B19B og baseplass B18D sør for Indre Borlaug må flyttast til aust for Ramnabergtunellen, eller alternativt bygge veg som planlagt over min eigedom gnr.157 bnr. 5.

Eg gjentek også på nytt vedk. kommentar til bruk av navn: I mange planar som Statnett har utarbeidd vert det vist til at spennmastene skal byggast ved Jarvehaugen. Til orientering ligg Jarvehaugen henholdsvis øvste- og neste Jarvehaugen 300-400 meter sør-/søraust for planlagde fundament til spennmaster. Navnet til området som spennmastene skal byggast på er Tjørnahaugane.

Helsing

Arve Borlaug

Grunneigar gnr.157 bnr. 2,4,5 og 6